

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet

Postmottak@kd.dep.no

Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)

Høyring – Forslag til endringar i friskolelova

Styret for Bibelskolen Bildøy Bergen er takksam for høvet til å uttale seg om forslaget til ny privatskolelov. Likeeins ser vi positivt på det at både departementet og repr. for regjeringspartia gjev uttrykk for at høyringa skal vera reell. I det legg vi ei forventning om at tydelege synspunkt som kjem fram i høyringa vert det teke omsyn til.

Generelt

Ei lovmessig forankring av retten til å starte og drive skular som er alternativ til den offentlege skolen, ser vi på som svært viktig i eit demokratisk samfunn. Vi er difor glade for at regjeringa vil leggja til rette for godkjenning av skolar som byggjer på eit nærare definert grunnlag. I hovudsak ser vi lovutkastet som eit godt grunnlag for slik skoleverksemd. Men vi meiner at framlegget må justerast på ein del punkt for at denne type skoleverksemd skal kunna ha rimeleg trygge og ”forutsigbare” rammer for si verksemd.

Vår uttale vil i hovudsak ha fokus på dei felt som er mest aktuelle for vårt skoleslag.

Tittel på lova (pkt 6)

Det vert argumentert for at tittelen på lova blir endra til *lov om private skolar med rett til statstilskot* (kortform: *privatskolelova*), og at skolane vert kalla privatskolar i staden for friskolar. Vi er ikkje overtydde om denne argumentasjonen. Desse skolane skil seg klårt frå dei private skolane utan offentlig tilskot. Og dei har ei sterk forankring i frivillig sektor i vårt samfunn. Vi meiner at lov om frittstående skolar (kortform: *friskolelova*) er ein betre tittel.

Godkjenning (pkt. 8)

At det no blir innført krav om at skolane må dokumentere eit bestemt *grunnlag*, religiøst eller anerkjent pedagogisk retning, meiner vi er uproblematisk. Ja, vi meiner det er viktig at skolane på denne måten synleggjer verdigrunnlaget og dermed korleis dei framstår som alternativ til den offentlege skolen. Men det er viktig at godkjenningsgrunnlaget ikkje blir for snevert forstått.

Når departementet foreslår å fjerne omgrepet *formål* i relasjon til religiøst grunnlag, blir dette noko underleg for bibelskolane. Dette skoleslaget har det religiøst-etiske perspektiv, ikkje berre som grunnlag for skoleverksemda, men også i skolens formål.

Når retten til godkjenning, slik den er i friskolelova fell bort, er vi er urolege for at den skjønsmessige vurderinga kan verka hemmande for evet. nye, velgrunna skoletiltak, og at den til kvar tid sitjande statsråd kan koma til å avgjere saker på grunnlag av politisk skjøn. Vi meiner at lova må gi rett til godkjenning når klart definert grunnlag og kvalitetskriterier er oppfylte.

Krav til verksemda (pkt 10)

Vi ser ikkje direkte problem knyta til å oppehalde eit tydeleg skilje mellom skoleverksemda og annan verksemd, ut frå perspektivet at den offentlege støtta skal koma elevane til gode. Men vi har behov for å kunna tilføre skoledrifta midlar gjennom "annen virksomhet". Med offentlig tilskot på 75% og eit elevtal som kan variere mykje frå år til år, er det særst vanskeleg å tilpasse skoledrifta umiddelbart.

Vi ber difor om at skolen si moglegheit til å driva anna verksemd må mykast opp i forhold til gjeldande lovverk. Styrka økonomi skal sjølvstøtt koma elevane til gode.

Når det gjeld kravet om minimum 20 elevar, forstår vi det slik at det ikkje gjeld bibelskolane. Men generelt meiner vi at dette er eit urimeleg krav. Elevtal ved ein skole må vurderast individuelt.

For bibelskolane vil det vere viktig å kunna vere fleksibel med omsyn til elevtal på dei ulike linjene. Søkjartala kan variere mykje frå år til år, og interessa for dei ulike linjene vekslar. Det vil difor vere negativt for skolen om ein må avvise elevar som søker ei linje som alt er fullsett, mens det kan vere god plass på andre linjer og på skolen totalt sett. Difor er det ein fordel om skolen blir godkjent for eit totalt elevtal, mens skolen sjølv må ha høve til å vurdere kapasitet på dei ulike godkjende linjer.

Tilskot § 6-1

Vi er glade for at tilskotsordninga i hovudsak vert oppretthalden, og vi reknar med at bibelskolane ikkje skal koma dårlegare ut, uansett korleis dei vel å innretta seg i forhold til lovverk, jf §6A.

Vi vil likevel sterkt understreke behovet for å få inn att ordninga med kapitaltilskot. Bibelskolane, som får 75% støtte, er særst sårbare økonomisk.

6A-skolane

Etter forslaget skal desse skolane i løpet av 3 år finna ei anna lovtilknyting. Ein overgang til fagskolelova for bibelskolane, er, fagleg sett, naturleg. I all hovudsak er elevane ferdig med vidaregåande opplæring, og vi ønskjer at undervisninga klart skal liggja over vidaregåande nivå, både innhaldsmessig og pedagogisk. Men det er i privatskolelova skoleslaget har sin økonomi lovheimla. Sjølv om det i høyringsdokumentet er sagt at "skolene får beholde offentlig finansiering på et uendret nivå ved overgang til fagskoleloven", er vi ikkje trygge for at dette sikrar skolane naudsynleg offentlig tilskot i framtida. Vi kan ikkje sjå at det endra forslaget til fagskolelov gjev slik økonomisk tryggleik.

Vi ønskjer at §6A blir vidareført i den nye privatskolelova. Bibelskolane er eit skoleslag utan noka form for parallellar i det offentlege, og skolane sin lovheimel må gi høve til verksemd og utvikling i samsvar med skoleslaget sin eigenart.

Bibelskolane må framleis kunna ha si lovforankring i denne lova. Dette bør ikkje hindre skolane i fagleg sett å vidareutvikle seg mot eit nivå over vidaregåande. Skolane må ha høve til å ta opp vaksne elevar.

Bibelskolen Bildøy Bergen

Knut Sørheim
formann

Arnfinn Norheim,
rektor